



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak 8: Legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025



Innhold

Tiltak 8 barnehage: Legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025.....	3
Beskriving av tiltak	3
Geografi	4
Avstandar til andre barnehagar i Førde sentrum	5
Demografi.....	5
Kapasitet	7
Kapasitet arealplassar.....	7
Kapasitet for barnehageåret 2025/2026	11
Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned 2 barnehagar	15
Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned 2 barnehagar hausten 2025	16
Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum	16
Behov for bemanning og pedagogtettleik i dei 4 ulike alternativa.....	18
Oppsummering av tiltaket og dei ulike alternativa	20
Konsekvensar	21
Økonomisk effekt.....	21
Rekneskap 2023 og budsjett 2024 i dei ulike alternativa	22
Verdi av tomtene	24
Tusenfryd barnehage	24
Hattlehaguen barnehage.....	24
Vieåsen barnehage	25
Solsida barnehage avdeling Haugum	25
Slåttebakkane barnehage	26
Konsekvensar for barna	26
Konsekvensar for tilsette	27
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	27
Andre konsekvensar.....	28
Effekt- og konsekvensmatrise	28
Konklusjon	29

Tiltak 8 barnehage: Legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025

Start | 01.03.2025
Slutt | 30.08.2025

Beskriving av tiltak

Tiltaket skal vurdere om det er tilstrekkeleg kapasitet til å legge ned to barnehagar i Førde sentrum hausten 2025. I formannskapet i sak 213/24 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – Offentleg ettersyn blei det gjort følgjande vedtak:

«Formannskapet vedtek å legge Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen- Vurdering av innsparing og omstilling datert 08.11.24 ut på høyring, med følgande tilleggsframlegg:

- Kommunedirektøren greier ut nedlegging av inntil to barnehagar i Førde sentrum i 2025. Utgreiinga blir sendt ut på høyring.
- Nedlegging av Holsen barnehage vert utgreidd og tiltaket vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden er 1. desember 2024 til 20. januar 2025».

Barnehagar som blir vurdert er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåtebakkane barnehage

Det er dei same barnehagane som er aktuelle i tiltak 8 legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025 som blir vurdert i andre tiltak.

Tusenfryd, Hatlehaugen og Vieåsen barnehagar har den eldste bygningsmassen og har ikkje blitt renovert sidan dei blei oppført. Det vil krevje større investeringar i renovering og tilbygg for å stette dagens krav til barnehageføremål med gode fasilitetar for barn og tilsette.

Solsida barnehage avdeling Haugum er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette spesielt. Barnehagen er plassert i ytterkant i sentrumskjerna av Førde.

Slåtebakkane barnehage er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette. Barnehagen er bygd over to plan og er ikkje universelt utforma innvendig. I tillegg er barnehagen bygd inn i terrenget som fører til at uteområdet har nivåforskjell

mellom plan 0 og 1. Uteområdet kan ikkje kompensere for manglande universell utforming innvendig i bygget.

Viser til vedlegg 18 til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet, [Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagen i dag](#), for å få meir informasjon om den enkelte barnehage og vurderingar som er gjort etter gitte kriterium.

Alle tomtene har potensiale til å bli nytta til anna føremål enn barnehage. Dei er mest eigna til bustadføremål.

Geografi



Illustrasjon 1: Kartutsnitt over barnehagane i Førde sentrum med plassering av «nye Slåtten barnehage» (kartutsnittet ligg vedlagt i sin heilskap i saka).

Kartutsnittet syner alle barnehagane i Førde sentrum, kommunale barnehagar, private barnehagar og «nye Slåtten barnehage». Dei røde og blå er kommunale barnehagar, dei røde er dei som er aktuelle til å legges ned, dei gule er private barnehagar og den rødbrunne er plassering av «nye Slåtten barnehage».

Avstandar til andre barnehagar i Førde sentrum

Tabellen under viser avstandane mellom barnehagane som er lokalisert i Førde sentrum. Lengst avstand er det mellom Slåttebakkane barnehage og Sunde barnehage med 9,1 km og kortast veg er det mellom Hatlehaugen barnehage og Vie barnehage med 0,1 km. Googlemaps er nytta som kjelde og der det er fleire val er kortaste avstand valt. Tala i tabellen er oppført i km.


	Tusenfryd	Hatlehaugen	Vieåsen	Solsida avd Haugum	Slåttebakkane
Tusenfryd		0,8	2,4	5,4	6,5
Hatlehaugen	0,8		1,7	5,1	5,6
Vieåsen	2,4	1,7		6,1	6,1
Solsida avd Haugum	5,4	5,1	6,1		5,1
Slåttebakkane	6,5	6,5	6,2	5,1	
Vie	0,7	0,1	1,7	4,9	5,5
Solvang	1,3	1,0	2,6	4,7	5,3
Viebøen	2,0	1,4	0,7	5,9	5,9
Solsida avd Toene	2,0	1,7	3,3	3,9	4,2
Prestebakken	2,1	1,8	3,4	4,0	4,4
Nærleiken	3,2	2,6	3,0	4,1	4,2
Ytre Hafstad	4,7	3,9	4,4	3,3	2,8
Hålbrend	5,7	4,8	5,4	4,3	1,3
Sunde	6,5	5,8	6,2	8,7	9,1

Tabell 1: Avstandar mellom barnehagane i Førde sentrum.

Demografi


Framskrivningane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Framskrivning av tal fødte for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det i gjennomsnitt blir født 227 per år.



Graf 1: Syner oversikt framskriving av tal fødde i perioden 2024-2050.

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 19.11.2024 syner kor mange som er busett innanfor skulekrinsane i Førde sentrum, tala er uendra frå uttrekket 27.09.2024 for Førde sentrum. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Flatene skule, Førde barneskule, Slåtten skule og Sunde skule.



Graf 2: Syner oversikt over busette i skulekrinsane per 27.09.2024.

Samla for Førde sentrum er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Førde sentrum	96	133	135	140	132	159

Tabell 2: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

Kapasitet

Det er to vilkår som må vurderast for kva kapasitet det er i Førde sentrum, og om det er mogeleg å legg ned 2 barnehagar frå hausten 2025:

- Kapasitet arealplassar i Førde sentrum
- Tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik

Kapasitet arealplassar


Det er henta ut nye oppdaterte tal for å sjå på kapasiteten i barnehagane i Førde sentrum etter at kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet blei vedteke i kommunestyret 26.09.2024. Uttrekket er frå 27.09.2024 og gjeld for barnehageåret 2024/2025.

I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er noko lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum for 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte kommunale barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei kommunale barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 3: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Halbrend	54	79,8	60	19,8
Hatlehaugen	39	57,1	43,7	13,4
Nærleiken	61	135,1	69,3	65,8
Slåttebakkane	30	49,8	34	15,8
Solsida avd. Haugum	33	55,3	36,7	18,7


Solsida avd. Toene	52	68	57,3	10,7
Sunde	54	87,6	60	27,6
Tusenfryd	29	57,3	33	24,3
Vie	80	109,1	90	19,1
Vieåsen	52	77,1	58,7	18,4
Ytre Hafstad	55	98,4	61	37,4
Samla	539	874,7	603,7	271

Tabell 3: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte private barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut i frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei private barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 4: Oversikt over kapasitet areal plassar, areal plassar i bruk og ledige areal plassar i private barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet areal plassar, areal plassar i bruk og ledige areal plassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal-plassar	Areal plassar i bruk	Ledige areal-plassar
Prestebakken	54	78,8	61,2	17,6
Solvang	47	78,3	54,2	24,1
Viebøen	57	104	65,6	38,4
Samla	158	261	180,9	80,1

Tabell 4: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Kapasitet for barnehageåret 2025/2026

Hausten 2025 er det til saman 162 barn, inkludert dei som har utsett skulestart, som skal starte på skule i Førde sentrum. Desse barna frigjer kapasitet i barnehagane.

Arealplassar som blir ledige | 162

I 2023 - kullet er det 122 barn som har barnehageplass i Førde sentrum. Det er per 19.11.2024 registret 96 barn fødte i 2024. Legg vi til grunn at det er tilsvarende tal barn som søker om barnehageplass av dei som blir født i 2024 i Førde sentrum vil deira behov for arealplassar bli:

Faktorar	Tal
Tal barn som søker barnehageplass hausten 2025	122
Arealplassar det er bruk for	176
Barn født i 2024 og desember 2023 som har fått tilbod om barnehageplass	12
Arealplassar som alt er tatt i bruk	17
Samla behov for nye arealplassar ved nytt barnehageår	159

Tabell 5: Behov for arealplassar til barn fødte i 2024.

Dersom vi legg til grunn at det er 122 barn som søker om barnehageplass til nytt barnehageår 2025/2026, og vi trekk frå dei som allereie har fått barnehageplass barnehageåret 2024/2025 er det behov for 159 arealplassar for å gje barna eit tilbod. Det vil vere behov for 3 færre arealplassar for barnehageåret 2025/2026 samanlikna med barna som skal starte på skulen hausten 2025.


Når 2019- kullet startar på skulen hausten 2025 vil barnehagane få meir ledige arealplassar. På noverande tidspunkt har vi ikkje kjennskap til kor mange i 2024 - kullet som søker om barnehageplass frå hausten 2025. Grafen under syner dei vi per i dag kjenner at skal gå i barnehage frå hausten 2025, nokre som vist ovanfor i 2024 – kullet har allereie fått tilbod om plass barnehageåret 2024/2025 og er inkludert i grafane under kapasitet i kommunale barnehagar og private barnehagar i Førde sentrum.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbod i kommunale barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

Født	Tal
2024	6
Desember 2023	4

Tabell 6: Viser kor mange barn som har fått tilbod om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 5: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 25/26	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Halbrend	38	79,8	41,3	38,4
Hatlehaugen	28	57,1	29,3	27,8
Nærleiken	47	135,1	51	84,1
Slåttebakkane	28	49,8	30	19,8
Solsida avd. Haugum	24	55,3	25,7	29,7

Solsida avd. Toene	35	68,0	37,3	30,7
Sunde	54	87,6	38,3	49,2
Tusenfryd	35	57,3	26,7	30,7
Vie	66	109,1	71	38,1
Vieåsen	43	77,1	46,3	30,8
Ytre Hafstad	42	98,4	45	53,4
Samla	410	874,7	442	432,7


Tabell 7: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbud i private barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

Født	Tal
2024	1
Desember 2023	1

Tabell 8: Viser kor mange barn som har fått tilbud om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 6: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 25/26	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Prestebakken	42	78,7	44,6	34,2
Solvang	37	78,3	41,6	36,7
Viebøen	46	104	50,1	53,9
Samla	125	261	136,3	124,7

Tabell 9: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Kapasitet i Førde sentrum

Samla ledig kapasitet i Førde sentrum med dagens barnehagestruktur er 557,4 arealplassar.

Ledige arealplassar	Tal
Kommunale barnehagar	432,7
Private barnehagar	124,7
Med dagens struktur i Førde sentrum	557,4

Tabell 10: Ledig kapasitet i Førde sentrum.

I tabellen under er det oversikt over kor mange arealplassar det er disponibelt om det blir lagt ned 2 barnehagar i Førde sentrum. Tusenfryd barnehage er inkludert i alle alternativa, då det i tiltak 3 er forslag om å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025.

Alternativ	Legge ned to barnehagar
1	Tusenfryd og Hatlehaugen
2	Tusenfryd og Vieåsen
3	Tusenfryd og Solsida barnehage avdeling Haugum
4	Tusenfryd og Slåttebakkane

Tabell 11: Alternativa til å legge ned barnehagar frå hausten 2025.

Faktorar	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Ledige arealplassar med dagens struktur	557,4	557,4	557,4	557,4
- Tusenfryd barnehage	30,7	30,7	30,7	30,7
- Hatlehaugen barnehage	27,8			
- Vieåsen barnehage		30,8		
- Solsida barnehage avdeling Haugum			29,7	
- Slåttebakkane barnehage				19,8
Disponible arealplassar etter uttrekk av to barnehagar	498	495,9	497	506,9

Tabell 12: Ledig arealplassar når 2 barnehagar er lagt ned.

Ledige arealplassar varierer frå 495,9-506,9 i dei ulike alternativa.

Legg vi til grunn at det startar 122 barn frå 2024 – kullet hausten 2025 vil dei krevje 159 arealplassar i barnehagane i sentrum. Trekk vi i frå arealplassar 2024 – kullet vil ledige arealplassar i dei ulike alternativa i Førde sentrum vere:

Faktorar	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Ledige arealplassar i alternativ 1	498	495,9	497	506,9
- 2024- kullet som startar i barnehage	159	159	159	159

- Barn i barnehagane i alternativa har bruk for arealplassar	56	73	52,4	56,7
Disponible ledige arealplassar i dei ulike alternativa	283	263,9	285,6	291,2

Tabell 12: Disponible arealplassar når 2024-kullet er tatt med i berekninga.

Basert på ledig arealplassar frå 263,9-291,2 plassar i Førde sentrum vil det vere ledige arealplassar i andre barnehagar i alle alternativa. Det er minst risiko å gå for alternativ 4 å legge ned Tusenfryd barnehage og Slåttebakkane barnehage.

Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned 2 barnehagar hausten 2025

I dei private barnehagane er det til saman plass til 180 heiltidsplassar:

Barnehage	Heiltidsplassar
Prestebakken	66
Solvang	54
Viebøen	60
Samla	180

Tabell 13: Oversikt over tal heiltidsplassar i private barnehagar

Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum

For å vurdere om det er tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik til å legge 2 barnehagar er det sett på kva grunnbemanning og pedagogtettleik barnehagane skal ha dersom dei er fulle. For å synleggjere behovet for grunnbemanning og pedagogtettleik når barnehagane er full har vi nytta Utdanningsdirektoratet sin bemanningskalkulator. Det er lagt inn ein sjablong for å få fram barn per barnehage som vist i tabellen under:

Tal avdelingar	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Barn samla
3	9	36	45
4	18	36	54
5	18	54	72
6	27	54	81

Tabell 14: Oversikt over tal heiltidsplassar etter sjablong

Pedagogtettleiken kan variere dersom forholdet mellom barn under 3 år og over 3 år varierer frå det som er lagt inn i tabellen.

I bemanningskalkulatoren nyttar Utdanningsdirektoratet omgrepet heiltidsplassar, det er derfor nytta som omgrep i tabellen under.

Dersom barnehagane er fulle skal barnehagane ha følgande grunnbemanning og pedagogtettleik for å stette lovkrava (tala er i årsverk):

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54	12	6
Hatlehaugen	45	9	4
Nærleiken	81	18	8
Slåttebakkane	45	9	4
Solsida avdeling Haugum	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6
Tusenfryd	54	12	6
Vie	81	18	8
Vieåsen	54	12	6
Ytre Hafstad	54	12	6
Samla	609	135	64

Tabell 15: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

Barnehageåret 2024/2025

Barnehagane har for barnehageåret 2024/2025 følgande heiltidsplassar, grunnbemanning og pedagogtettleik (tala er i årsverk):

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54,0	12,5	5,6
Hatlehaugen	39,0	9,0	4,0
Nærleiken	60,3	15,1	8,4
Slåttebakkane	30,0	7,9	5,0
Solsida avdeling Haugum	33,0	9,4	4,0
Solsida avdeling Toene	51,8	13,6	6,0
Sunde	54,0	12,7	5,3
Tusenfryd	28,6	10,5	6,1
Vie	78,6	21,0	7,8
Vieåsen	52,0	13,6	5,6
Ytre Hafstad	54,5	14,5	6,4
Samla	535,8	139,8	64,2

Tabell 16: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik for innverande barnehageår.

Grunnbemanning og pedagogtettleiken som er i barnehagane for inneverande barnehageår er henta frå barnehageportretta som var vedlegg til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Tala i barnehageportretta er dei tala barnehagane sjølv har rapportert inn til kunnskapsgrunnlaget.

Det kan vere noko avvik i talet som er rapportert inn:

- Både dei som har fast stilling og dei som vikarierer er tatt med i rapporteringa (ein stillingheimel har 2 tilsette)
- Barnehagane opplever ikkje overtalige fordi dei som er overtalige i grunnbemanning blir nytta til barn med spesielle behov som har bruk for ressursar

Basert på heiltidsplassar som har tilbod om barnehageplass per i dag er det overtalige i barnehagesektoren. Dersom vi legg lovverket for bemannings- og pedagognorm til grunn skulle tala sett slik ut for kommunale barnehagar i Førde sentrum:

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Kommunale barnehagar i Førde sentrum	535,8	121,3	58,0

Tabell 17: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

Behov for bemanning og pedagogtettleik i dei 4 ulike alternativa

Alternativ 1: Legge ned Tusenfryd- og Hatlehaugen barnehage

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54	12	6
Nærleiken	81	18	8
Slåttebakkane	45	9	4
Solsida avdeling Haugum	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6
Vie	81	18	8
Vieåsen	54	12	6
Ytre Hafstad	54	12	6
Samla	522	114	54

Tabell 18: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik i alternativ 1.

Alternativ 2: Legge ned Tusenfryd og Vieåsen barnehage

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54	12	6
Hatlehaugen	45	9	4
Nærleiken	81	18	8
Slåttebakkane	45	9	4
Solsida avdeling Haugum	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6
Vie	81	18	8
Ytre Hafstad	54	12	6
Samla	513	111	52

Tabell 19: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik i alternativ 2.

Alternativ 3: Legge ned Tusenfryd- og Solsida barnehage avdeling Haugum

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54	12	6
Hatlehaugen	45	9	4
Nærleiken	81	18	8
Slåttebakkane	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6
Vie	81	18	8
Vieåsen	54	12	6
Ytre Hafstad	54	12	6
Samla	522	114	54

Tabell 20: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik i alternativ 3.

Alternativ 4: Legge ned Tusenfryd- og Slåttebakkane barnehage

Barnehage	Heiltidsplassar	Grunnbemanning	Pedagogtettleik
Halbrend	54	12	6
Hatlehaugen	45	9	4
Nærleiken	81	18	8
Solsida avdeling Haugum	45	9	4
Solsida avdeling Toene	54	12	6
Sunde	54	12	6

Vie	81	18	8
Vieåsen	54	12	6
Ytre Hafstad	54	12	6
Samla	522	114	54

Tabell 21: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik i alternativ 4.

Oppsummering av tiltaket og dei ulike alternativa

For å oppsummere kva mogelegheiter det er for å legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025 må vi sjå på desse faktorane:

- Kor mange heiltidsplassar vi har inneverande barnehageår
- Kapasiteten i dei private barnehagane
- Grunnbemanning og pedagogtettleik
- Kapasiteten i dei ulike alternativa

Heiltidsplassar inneverande barnehageår

For inneverande år nyttar vi 535,8 heiltidsplassar i kommunale barnehagar. Vi har ikkje per i dag kjennskap til kor mange heiltidsplassar vi har bruk for i 2025/2026 då vi ikkje har full oversikt over tal fødde i 2024. Per i dag er det født 96 barn i Førde sentrum, vi har eit estimat på 668 barn i Førde sentrum i aldersgruppa 1-5 år hausten 2025. Fleire av desse vil velje å nytte private barnehagar når dei vel barnehageplass.

Kapasitet i private barnehagar

Dei private barnehagane i Førde sentrum har kapasitet til å ha 180 heiltidsplassar per i dag. Det er ein fast faktor som må vere med i vurderinga på kor mange barnehagar det er mogeleg å legge ned i Førde sentrum.

Grunnbemanning og pedagogtettleik

Per i dag har vi noko overtalige i barnehagesektoren. Dette gjeld for heile kommunen i kommunale barnehagar. Dersom 2 barnehagar blir lagt ned vil vi få meir overtalige som kan nyttast inn i barnehagar som har behov for meir bemanning, eller pedagogtettleik for å støtte lovkrava etter barnehagelova. Det vil ikkje vere eit problem å følge lovverket dersom barnehagar blir lagt ned.

Konsekvensen er at vi vil ha meir overtalige i barnehagesektoren som kan føre til at det er vanskeleg å oppnå full effekt av tiltaket.

Til fleire barnehagar som blir lagt ned, til fleire overtalige blir det i barnehagesektoren.

Kapasiteten i dei ulike alternativa

- Heiltidsplassar i private barnehagar er 180.
- Estimert anslag på tal barn som har bruk for barnehageplass er 668.

Alt.	Blir lagt ned	Heiltidsplassar som er igjen i kommunale barnehagar	Heiltidsplassar tilgjengelege – inkludert private barnehagar
1	Tusenfryd Hatlehaugen	522	702
2	Tusenfryd Vieåsen	513	693
4	Tusenfryd Solsida avdeling Haugum	522	702
5	Tusenfryd Slåttebakkane	522	702

Tabell 22: Oversikt over tilgjengelege heiltidsplassar, grunnbemanning og pedagogtettleik.

Basert på talmaterialet vi har per i dag og eit estimert tal barn på 668 er det mogeleg å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025. Alle dei 4 alternativa er mogeleg å gjennomføre. I alle alternativa er det ein buffer ut frå disponible heiltidsplassar inkludert dei private barnehagane samanlikna med estimert barnetal på 668.

Det er i både alternativ 1 legge ned Tusenfryd barnehage og Hatlehaugen barnehage, 3 legge ned Tusenfryd barnehage og Solsida barnehage avdeling Haugum, og 4 legge ned Tusenfryd barnehage og Slåttebakkane barnehage mest tilgjengelege heiltidsplassar med 702. Det gir ein buffer på 34 heiltidsplassar. I alternativ 2 å legge ned Tusenfryd barnehage og Vieåsen barnehage er det minst tilgjengelege heiltidsplassar med 693. Det gir ein buffer på 25 heiltidsplassar.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Solsida barnehage har eit budsjett som inkluderer både avdeling Haugum og avdeling Toene. For å finne ut kva som er blitt brukt i Solsida barnehage avdeling Haugum har vi delt summen barnehagen har på 7 avdelingar og multiplisert summen med 3 avdelingar.

Beløp i 1000

Forventa effekt	Budsjettår	Økonomiplanperiode			
	2024	2026	2027	2028	2029
Alternativ 1	20 267	5 744	17 232	17 232	17 232
Alternativ 2	21 881	6 578	19 735	19 735	19 735
Alternativ 3	18 842	5 502	16 505	16 505	16 505
Alternativ 4	20 565	5 529	16 586	16 586	16 586

Tabell 23: Innsparingspotensiale i dei ulike alternativa.

For å få full heilårseffekt av å legge 2 barnehagar i 2025 er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarande årsverk som er i barnehagane som blir lagt ned
- Redusere kostnadar til reinhald tilsvarande det som blir nytta i barnehagane som blir lagt ned
- Redusere kostnadane til vaktmeister tilsvarande det som blir nytta i barnehagane som blir lagt ned
- Sal av barnehagane for å fjerne kostnadar til tom bygningsmasse
- Andre driftsutgifter på teneste 201 barnehage, 211 styrking av grunnbemanning og 221 barnehagelokale og skyss blir redusert tilsvarande budsjettet til barnehagane
- Barn som går i barnehagane vel ein anna kommunal barnehage

Rekneskap 2023 og budsjett 2024 i dei ulike alternativa

Alternativ 1: Legge ned Tusenfryd (315) og Hatlehaugen (316)

Ansvar	Teneste	Rekneskap 23	Budsjett 24
315	Barnehage	8 917	9 744
	Styrking av grunnbemanning	751	1 087
	Barnehagelokale og skyss	607	607
	Samla	10 275	11 438
316	Barnehage	7 192	7 268
	Styrking av grunnbemanning	794	956
	Barnehagelokale og skyss	605	605
	Samla	8 591	8 829
Samla		18 866	20 267

Tabell 24: Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for barnehagar i alternativet.

Alternativ 2: Legge ned Tusenfryd (315) og Vieåsen (314)

Ansvar	Teneste	Rekneskap 23	Budsjett 24
315	Barnehage	8 917	9 744
	Styrking av grunnbemanning	751	1 087
	Barnehagelokale og skyss	607	607
	Samla	10 275	11 438
314	Barnehage	9 965	9 703
	Styrking av grunnbemanning	341	115
	Barnehagelokale og skyss	625	625
	Samla	10 931	10 443
Samla	21 206	21 881	

Tabell 25: Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for barnehagar i alternativet.

Alternativ 3: Legge ned Tusenfryd (315) og Solsida avdeling Haugum (326)

Ansvar	Teneste	Rekneskap 23	Budsjett 24
315	Barnehage	8 917	9 744
	Styrking av grunnbemanning	751	1 087
	Barnehagelokale og skyss	607	607
	Samla	10 275	11 438
326	Barnehage	6 954	6 736
	Styrking av grunnbemanning	48	5
	Barnehagelokale og skyss	663	663
	Samla	7 665	7 404
Samla	17 940	18 842	

Tabell 26: Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for barnehagar i alternativet.

Alternativ 4: Legge ned Tusenfryd (315) og Slåttebakkane (310)

Ansvar	Teneste	Rekneskap 23	Budsjett 24
315	Barnehage	8 917	9 744
	Styrking av grunnbemanning	751	1 087
	Barnehagelokale og skyss	607	607
	Samla	10 275	11 438
310	Barnehage	7 742	7 160
	Styrking av grunnbemanning	1 406	1 329
	Barnehagelokale og skyss	638	638
	Samla	9 786	9 127
Samla	20 061	20 565	

Tabell 27: Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for barnehagar i alternativet.

Verdi av tomtene

I vurderinga av nettoverdien til tomtosal for dei ulike barnehagane er rivingskostnader og omregulering til bustadmål inkludert i summen. Alle beløp er oppgitt i heile 1000 kr.

Tusenfryd barnehage



Tomta til Tusenfryd barnehage har 3 219 m² og ligg i tilknytning til eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 2: Tomta til Tusenfryd barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtosal	7 900

Tabell 28: Nettoverdi på tomta til Tusenfryd barnehage.

Hatlehaugen barnehage



Tomta til Hatlehaugen barnehage har 4 900 m² og ligg i tilknytning til Vie barnehage, og eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 3: Tomta til Hatlehaugen barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtosal	9 500

Tabell 29: Nettoverdi på tomta til Hatlehaugen barnehage.

Vieåsen barnehage



Tomta til Vieåsen barnehage har 3 624 m² og ligg i tilknytning til eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Illustrasjon 4: Tomta til Vieåsen barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtesal	7 500

Tabell 30: Nettoverdi på tomta til Vieåsen barnehage.

Solsida barnehage avdeling Haugum



Tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum har 2 483 m² og ligg i tilknytning til eksisterande bustadar.

Illustrasjon 5: Tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtesal	2 700

Tabell 31: Nettoverdi på tomta til Solsida barnehage avdeling Haugum.

Slåttebakkane barnehage



Tomta til Slåttebakkane barnehage har 2 382 m² og ligg i tilknytning til eksisterande bustadar.

Illustrasjon 6: Tomta til Slåttebakkane barnehage

Verdi	Sum
Nettoverdi av tomtesal	1 900

Tabell 32: Nettoverdi på tomte til Slåttebakkane barnehage.

Sal av tomtene kan bli nytta til investeringar i barnehagesektoren for å løyse uløyste utfordringar, bygge nye avdelingar til eksisterande barnehagar eller å bygge ny barnehage på Slåtten i framtida.

Konsekvensar for barna

- Å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025 aukar tal barn som har behov for ny barnehageplass.
- Ein premis for å redusere konsekvensane for barna i barnehagar som blir lagt ned er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket for barnehageåret 2025/2026, kan velje ein barnehage i nærleiken.
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplanen og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle kommunale barnehagar.
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar
- Fleire av barnehagane som er foreslått lagt ned har behov for større renovering og tilbygg i nær framtid for å stette krava, og ha gode fasilitetar både for barn og tilsette.

Oversikt over barn som har bruk for ny barnehageplass i dei ulike alternativa:

Barnehagar	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Tusenfryd	24	24	24	24
Hatlehaugen	28			
Vieåsen		43		
Solsida barnehage avdeling Haugum			24	
Slåttebakkane				28
Samla tal barn	52	67	48	52

Tabell 33: Oversikt over barn som treng ny barnehageplass.

Konsekvensar for tilsette

- Samla for barnehagesektoren må tal tilsette reduserast tilsvarande årsverk som dei barnehagane som blir lagt ned
- Personalgruppa i dei ulike barnehagane blir oppløyst som kollegagruppe og tilsette må etablere seg i nye arbeidsmiljø
- Dei tilsette blir mest truleg spreidd i fleire barnehagar.
- Ny arbeidsplass og nye kollegaer kan gi nye impulsar, og dei tilsette blir ein del av eit nytt fagmiljø.
- Det er mogeleg å auke pedagogtettleiken i barnehagar som ikkje stettar krava etter barnehagelova om pedagognorm.
- Tilsette som må bytte arbeidsplass skal få mogelegheit til å søke seg til andre barnehagar. Det må vere ein god prosess slik at tilsette blir godt tatt i vare.
- Det gir mogelegheiter og potensiale til å tenke nytt både for tilsette som kjem inn og dei som skal ta imot nye tilsette.
- Med dagens situasjon der vi skal redusere kostnadane og overtalige i barnehagesektoren vil det i størst grad vere interne prosessar for tilsetting før det eventuelt blir lyst ut eksternt. Fleire tilsette enn dei som er tilsett i barnehagar som blir lagt ned kan bli berørt av dette.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane samla sett for lokalsamfunna er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det kan ha ein større konsekvens for område Haugum om Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned. Fleire minoritetsspråklege familiar er busett i område og nytta nærbarnehagen i dag.
- Det er fleire andre barnehagar i same område til barnehagar som blir lagt ned.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velje kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskot til private barnehagar.

Effekt- og konsekvensmatrise

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

Alternativ	Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
1	5	5	25
2	5	3	15
3	5	5	25
4	5	5	25

Tabell 34: Vurdering av å legge ned 2 barnehagar hausten 2025.

Vurdering

I effekt- og konsekvensmatrisa er alle alternativa som er skissert i tiltaket vurdert på grønt nivå. Ut frå disponible arealplassar, disponible heiltidsplassar og bemanning- og pedagognorm er det mogeleg å gjennomføre alle tiltaka.

Vi har usikre talmateriale for hausten 2025 då vi ikkje har full kjennskap til tal barn født i 2024. Basert på estimatet med 668 barn i aldersgruppa 1-5 år hausten 2025 og tal heiltidsplassar som er disponible vil det i alternativ 1, 3 og 5 vere ein buffer på 34 heiltidsplassar i Førde sentrum, mens i alternativ 2 er bufferen 25 heiltidsplassar. Det er bufferen i alternativ 2 som fører til at konsekvensen er noko høgare for å gå for dette alternativet.

Det er nokre føresetnadar som ligg til grunn for å få full effekt av tiltaka på grønt nivå:

- Barnehagesektoren må redusere tal årsverk tilsvarande årsverk som blir brukt i barnehagane
- Kostnadane til reinhald og vaktmeister blir redusert tilsvarande det som blir nytta i barnehagane
- Foreldre søker barna til andre kommunale barnehagar

Det er truleg optimistisk å tru at tiltaket vil ha full effekt hausten 2025. Det er fleire usikre faktorar som påverkar effekten:

- Barnehagesektoren klarar ikkje å redusere tal årsverk tilsvarande det som blir brukt i barnehagane
- Barn som har bruk for tilrettelegging vil ha bruk for same tilbod i ny barnehage
- Foreldre søker barna til private barnehagar. Dette kan auke tilskotet til private barnehagar

Konklusjon

Basert på estimert talmateriale for Førde sentrum er det mogeleg å legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025. Alle alternativa som blir skissert i tiltaket er mogeleg å gjennomføre, men det er noko mindre buffer i alternativ 2 samanlikna med dei andre alternativa.

I tiltaket er det sett opp ei prioritert rekkefølge av barnehagar som blir vurdert i tiltaket å legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum hausten 2025. Basert på den prioriterte rekkefølgja og behov for renovering av bygningsmasse er det alternativ 1 å legge ned Tusenfryd barnehage og Hatlehaugen barnehage som er det mest aktuelle å gjennomføre.

Mellom eit endeleg vedtak og å legge ned 2 barnehagar er det knapt med tid til å gjennomføre gode prosessar i forhold til barn og tilsette. Det vil ha ein større konsekvens for barna som blir direkte berørt, men også for heile gjennomføringa av barnehageopptaket våren 2025 om det er 2 barnehagar som blir lagt ned samanlikna med 1 barnehage som blir lagt ned (tiltak 3).

Det vil vere dei same utfordringane i forhold til dei tilsette. Det er fleire tilsette som har rett til ein god prosess for å få ein ny arbeidsplass samanlikna med å legge ned 1 barnehage. Det er større risiko for at barnehagesektoren ikkje klarar å få full effekt av tiltaket både hausten 2025 og 2026 fordi vi ikkje klarar å ta ned bemanninga

tilsvarande barnehagar som blir lagt ned. Det kan også få konsekvensar for ei eventuell ekstern tilsetting, då denne prosessen må vente til interne avklaringar er avgjort.

Alle tomtene ligg i attraktive bustadområde og kan brukast til andre føremål som til dømes bustadutvikling.

Sal av tomter bør brukast til investeringar i barnehagesektoren enten til å løyse uløyste utfordringar, bygge fleire avdelingar knytt til eksisterande barnehagar eller bygge ny barnehage på Slåtten i framtida.

Uløyste utfordringar er til dømes:

- Uteområde ved Sunde barnehage
- Tilstrekkeleg uteareal for Vie barnehage
- Eigne lokale til kontorplassar i Nærleiken barnehage framfor å leige lokale Førde idrettslag (FIL)
- Tilstrekkeleg uteareal for Solsida barnehage avdeling Toene og Vie barnehage.

Det er fritt barnehageval og foreldre kan velje sjølv kva barnehage dei ønsker at barnet skal gå i.